

Høyringssvar til budsjett og økonomiplan



Utdanningsforbundet i Austrheim ser positivt på framlegget som er lagt ut på høyring. Me ser at mange av dei områda me ser som viktige er inkludert. Me vel likevel å lista dei opp, for å kasta lys over kor viktig det er at desse punkta også vert vedtekne.

Utdanningsforbundet i Austrheim har dette året hatt mykje fokus på bemanningssituasjonen gjennom heile dagen i barnehagane. Styret og HTV har utarbeida eit dokument, på bakgrunn av samtalar og kartlegging, som er sendt alle politikarane i sommar. I tillegg har me jobba godt saman med administrasjonen om tiltak som kan betra trivsel og elevmiljø på skulane våre. Det er gjort ein stor jobb på begge skulane med å få på plass nok og tenlege areal, og er samstemte på at det gjenstår ein del arbeid på Årås skule.

Me kjenner til, og me les av handlingsplanen, at Austrheim har reist seg etter ei krevjande økonomisk tid. Dette er godt å lesa i eit dokument som dette. No er det ei anna utfordring som pregar, nemleg mangelen på arbeidskraft framover: "Vi skal levere kvalitative gode tenester, for mindre ressursar, noko som gjer at vi må arbeide smartare og annleis enn det vi gjer i dag" (frå handlingsplanen). Utdanningsforbundet vil utdjupa at dette handlar om å ta vare på og utnytta ressursane til dei arbeidstakarane me alt har på arbeidsplassane våre i dag. Sikra at arbeidsplassane er helsefremjande, slik at våre folk kan stå i arbeidet lenge. Arbeida for tverrfagleg samarbeid, der ein utnyttar kvarandre sine kompetansar og anerkjenner desse og kvarandre. Arbeid med born krev eit systematisk relasjonsarbeid, for å kunna klara å hjelpe dei på vegen mot å bli gangs menneske. Alle er ulike og har ulike behov. Difor er det ein fordel at dei vaksne i barnehagar og skular er mest mogleg på plass med sine, og at støtteapparat og andre ressursar er aktivt til stades i elevmiljøet for å bli kjent med borna og samspelet mellom dei.

Vidare er det vist til arbeidet med organisasjonskultur og struktur i handlingsplanen. Dette ser Utdanningsforbundet på som eit viktig arbeid, og vil framheva verdien av nokre faktorar;

oppleving av at ein er på eitt lag i kommunen, klar ansvarsfordeling i stillingsinstruksar, meistringsorientert leiing, medråderett i eige arbeidet uavhengig av kva stilling ein har og til slutt bør meir avgjerast nærmere kvar arbeidstakar. Dersom kvar arbeidstakar kjenner seg viktig for arbeidsplassen og inkludert i avgjersler, kan dette ha positiv innverknad på helsa. Ei klar arbeidsfordeling vil forhåpentlegvis sikra mindre energi- og tidslekasje.

Det er ikkje til å leggja skjul på at det er utfordringar i borne- og ungdomsmiljøet i Austrheim. Dette har ein tatt tak i blant anna ved å tilsetja og behalda både ungdomskoordinator og miljørettleiar, sjølv om dette ikkje er lovpålagte oppgåver. Desse er blant anna godt i gang med opplæringa i MOT-programmet for alle ungdomsskuleelevar. Meir må til, og utdanningsforbundet ser fram til arbeidet med BTI (betre tverrfagleg innsats) og temaplan for oppvekst som er på trappene. Plan som tek utgangspunkt i viktige berekraftsmål.

Me vel å forkorta resten av innspela våre i kulepunkt, men ikkje nøl med å ta kontakt dersom det er noko som treng utdjupast. Dei står ikkje i prioriterte rekkefølgje. Nokre punkt høyrer til den einskilde skule sine prioriteringar, nokre høyrer til budsjettet for 2024 og andre til økonomiplan for åra framover.

Innspel frå skule (budsjett 2024, einingsnivå)

- Halda fram med å gje eit allsidig tilbod i kulturskulen.
- Oppdaterte læreverk i alle fag
- Nokre eingongsbøker, vert mykje kopiering.
- Digitale ressursar knytt opp til læreverka, dette vert praktisert ulikt på skulane. Treng gjerne informasjon om kvifor ein skule ha råd til dette og ikkje ein annan.
- Miljørettleiar er på heile 1.-10 og ikkje berre på ungdomsskulen. Forslag om å tilsetja nokon i ei slik stilling på Kaland også.
- Vurdera klassestorleik og lærartettleik etter ein ser kva behov ein klasse har. Unngå å la det gå for lang tid. Døme: I haust har ein lærar stått mykje aleine med 23 elevar på eitt lågt trinn for lenge etter vårt syn.
- Ei høgare grunnbemanning eller ei vikarordning som kan avlasta når folk er vekke. Det manglar nesten alltid folk, og belastninga aukar på alle.

Innspel frå skule (budsjett 2024 og økonomiplan)

- Glade for at uteområdet på Årås skule no er under planlegging. Elevane treng å bli meir spreidd og aktivisert, særleg på ungdomstrinnet, men også på mellomtrinnet. Me vil gjerne be politikarane om å prioritera midlar til dette.
- 1.-4. trinn på Årås skule har små klasserom og store klassar. Tiltak er gjort på delar av skulen, der fastmonterte arealtjuvar er fjerna. UDF ønskjer at dette vert gjort i dei andre klasseromma også, og særleg prioriterast for 1.-4. trinn

Barnehage (budsjett 2024)

Innleiingsvis peika me på at bemanning i barnehagane har stått høgt på vår arbeidsliste heile dette året. Mål om auka del pedagogar og meir personale heile dagen, er stikkord frå arbeidet. Sjå vedlagte dokument. Når det gjeld investeringar framover, ser utdanningsforbundet behov for ny barnehage på Kaland. Me ser og hører at dette ikkje er i kommunen sine prioriteringar framover, men me vil løfta det fram igjen slik at de kan plassera tanken på ein lett tilgjengeleg plass i bakhovudet. I mellomtida håpar me de vil løfta tiltaka under.

- Auka bemanning heile dagen. Sjå vedlagte dokument for meir informasjon.
- Kledegodgjersle eller arbeidsklede på lik linje med andre i kommunen som jobbar i yrke med mykje slitasje og smuss.
- Vikarpool, for å gje tryggleik til dei tilsette om at det kjem inn folk på jobb.
- Barnehagane treng vedlikehald av uteområda.
- Uteområdet på Kaland har blitt ein del mindre etter skuleutbygginga og det treng ein del oppgradering.
- «Eventyrskog» ved Kaland barnehage. Kan VGS bygga gapahuk, benkar eller liknande til samlingsplass i området der det nye personalhuset stod?.
- Gjerde mellom skulen og barnehagen på Kaland har fasade (dei rette plankane) vendt mot skulen og ikkje mot barnehagen sitt uteområde. Dermed kan borna enkelt klatre på dette.
- Garderobar og stellerom på Kaland treng oppgradering.

Rekruttering og behalde

Me ser at søkerstala går ned og at det er vanskeleg å rekruttera kvalifiserte pedagogar til barnehagane våre i Austrheim. Difor ser Utdanningsforbundet det som særskilt viktig å behalda dei me alt har, og me har utfordra styret og plassert tilsette til å setja ned punkt som er viktige for dei.

- Barnehagetilsette ønskjer tilgang til meir opplæring.
- Det bør vera mogleg å reisa på kurs
- Studieturar til barnehagar
- Spesialpedagogane bør få tilgang til vidareutdanning.
- Seniortiltak i barnehagane på lik linje med skulane, altså pedagogiske leiatar bør få auka plantid etter 58 år.

Skulelærarar som tek vidareutdanning gjennom UDIR har ei betre ordning enn barnehagelærarar, slik me ser det. Lærarar i skulen kan få stipend på 120 000,- frå UDIR som skal kompensera for fri utan løn til studiar, medan pedagogar i bh har ei ordning der barnehagen får 80 000,- som den kan nytta til vikarar. Kommunalsjef i samarbeid med styrarar har fått på plass ei føreseieleg ordning som sikrar ein plan med fridagar til studiar, og det er me godt nøgde med. Me skulle likevel gjerne sett at dei to yrkesgruppene vert likestilt m.o.t. å velja å få stipendet utbetalt. UDIR sine ordningar er utanfor Austrheim kommune si makt, men politikarar kan utøve påverknad eller vedta ei slik ordning for kommunen.

Me ønskjer politikarar og administrasjon lukke til med økonomiforvaltninga og forvaltninga av våre unge.

Beste helsing

Styret i Utdanningsforbundet Austrheim